



RIKSANTIKVAREN
Postboks 1483 Vika
0116 OSLO

Team kulturarv

Vår dato: 13.06.2025

Deres dato:

Vår referanse 25/10860-8

Deres referanse:

Vår saksbehandlar: Frida Aakervik Berg

Telemark fylkeskommune - høyringssvar - bevaringsstrategi for bygdar og byars kulturmiljø

Forslag til bevaringsstrategi for bygdar og byars kulturmiljø har vorte politisk handsame i følgande utval:

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Fylkeskommunalt eldreråd	20.05.2025	47/25
2 Hovedutvalg for næring, industri og klima	04.06.2025	54/25
3 Hovedutvalg for kultur, reiseliv og frivillighet	04.06.2025	55/25
4 Fylkesutvalg	11.06.2025	54/25
5 Fylkestinget	19.06.2025	56/25

Innstillinga frå fylkesdirektøren vart einstemmig vedteken i alle utval. Fylkestinget møter etter høyringsfristen. Eventuelle endringar til innstillinga vert ettersendt til Riksantikvaren.

Vedtak

1. Vedlagte forslag til høyringsuttale vert sendt til Riksantikvaren.
2. Telemark fylkeskommune støttar arbeidet med bevaringsstrategi for bygder og byars kulturmiljø, og peiker på følgande punkt:
 - a. Handlings- og tiltaksdelen må vere konkret med tydelege prioriteringar og plassering av ansvar. Grada av oppfølging frå regionalt nivå vil variere etter kapasitet, og det er uklart kva verktøy som blir stilte til disposisjon.
 - b. Telemark fylkeskommune saknar ei klargjering av bystrategiens plass og funksjon i relasjon til den nye strategien.
 - c. Telemark fylkeskommune saknar eit tidsmessig mangfald på deltema 2 og 3 som er særleg tung på 1800- og 1900-tallet i sine prioriteringar.
 - d. Telemark fylkeskommune støtter at kyrkjer og religiøse bygg etter 1850 er særskilt nemnt. Dette er viktig for å ivareta det nasjonale målet om å bevare eit mangfald. Organisasjonsmangfaldet etter 1850 har hatt stor tyding for samfunnet, men den fysiske kulturarven er i liten grad utforska og søkt ivaretatt.

Høyringssvar

Vi syner til høyringsutkast frå 28.april 2025. Det har vore god informasjon og involvering undervegs i arbeidet.

Generelt

Tematikken er kjent og viktig, og vi støttar dei deltema som vert trekte fram. Kva som skal gjerast med problemstillingane er meir uklart slik strategien er formulert. Vi håpar handlings- og tiltaksdelen vil innehalde meir konkrete handlingar. På den måten kan strategien i større grad vere eit verktøy som kan brukast av offentlege og private aktørar.

Vi er særst glade for at denne strategien på tydeleg vis tek opp i seg arkeologiske kulturminne. Men vi saknar eit tidsmessig mangfald på deltema 2 og 3 som er særleg tung på 1800- og 1900-tallet i sine prioriteringar.

Riksantikvarens bystrategi er omtalt og synt til fleire stader i strategien, og bystrategiens tema er delvis overlappende. Vi saknar ei klargjering av bystrategiens plass og funksjon i relasjon til den nye strategien.

Når det gjeld andre generelle tilbakemeldingar, syner vi til uttala til næringars og industriars kulturmiljø. Samanfatta her punktvis:

- Handlings- og tiltaksdelen må vere konkret med tydelege prioriteringar og plassering av ansvar.
- Grada av oppfølging frå regionalt nivå vil variere etter kapasitet, og det er uklart kva verktøy som vert stilte til disposisjon.
- Sluttproduktet med dei ferdige strategiane må ta omsyn til den praktiske bruken. Tiltak og rapportering bør ikkje vere låst til bestemte strategiar, mål og prioriteringar.
- Ei god oppfølging av strategiane vil avhenge av ein finansieringsmodell som gjev rom til å kunne prioritere arbeidet.
- Arkeologiske metodar og fagkunnskap kan styrkje kunnskapsgrunnlag og støtte heilskapleg vurdering av verdien og potensialet til kulturmiljøet.

Deltema 1: Stedets identitet og særpreg

Dette deltemaet omfattar viktige og heilt sentrale problemstillingar. Deltemaet er konkret og innanfor kulturmiljøforvaltninga sine kjerneoppgåver. Særleg vil vi trekkje fram utbyggingspress frå private aktørar og manglande registrering/kunnskapsbasert forvaltning som ein trussel mot stadstilpassa utvikling. Det er positivt at strategien løftar fram denne problematikken. Å ha større fokus på staders identitet og særpreg i arealplanar og annan kommunal planleggjande er avgjerande for god utvikling og attraktive stader å bu, virke og vitje. For å få til dette er kunnskap og kompetanse viktig, og vi støttar effektmåla under dette innsatsområdet.

Strategien kunne behandla tilpassing og ombruk av eksisterande busetnad meir utførleg. I dette ligg og fokus på materialkvaliteten som ligg i eksisterande bygg og dei krav som burde vorte gitt

til nybygg. Strategien kunne i større grad peikt på manglar ved nybygg sett opp mot manglande kvalitet i både materialval, varigheit, trivsel og tilpassing.

Fortetting i høgda er ein aktuell problemstilling fleire stader. Dette påverkar bylandskapet og kulturlaga under bakken. For kulturlaga er miljøovervaking eit viktig og avgjerande verktøy. Korleis fortetting i høgda påverkar bylandskapet, naturgitte forhold og siktelinjer kunne vore omtalt som ein tematikk som bidreg til å undergrave ein stads særegenheit.

Avsnittet om gardshaugar verkar noko lausriven frå resten av teksten, og med ein snevrare geografisk avgrensing enn strategien elles som skal gjelde for heile landet.

Deltema 2: Der vi møtes

Deltemaet er viktig og relevant. Fellesskapsbygningar er sentrale i omgivnadene sine, og har vore viktige for å byggje samfunn. Vi er særleg glad for at kyrkjer og religiøse bygg etter 1850 er særskilt nemnt. Dette er viktig for å ivareta målet om å bevare eit mangfald, ettersom nesten all merksemd vert retta mot Den norske kyrkja sine bygg frå tida før 1850. Mangfaldet etter 1850 har hatt stor tyding for samfunnet, men den fysiske kulturarven er i liten grad utforska og søkt ivarettatt.

At grøntanlegg er viktige for trivsel og attraktivitet i by- og bygd er opplagt. Å auke kunnskapen om og statusen til desse romma, også i kulturmiljøforvaltninga, er noko vi støttar.

Vi meiner det er rom for å utvide tidsdjupna i deltemaet. Kaupanger og tingstader er så vidt nemnde under grøntanlegg, men største tyngda av temaet ligg på perioden frå 1800 til i dag. Under innsatsområde kunnskap og kompetanse bør arkeologi inn som leverandør av verdifull innsikt i fellesskapets stader- og bygg. Dette inkluderar etterreformatorisk arkeologi. Det vil styrke kunnskapsgrunnlag og støtte heilskapleg vurdering av kulturmiljøets verdi, potensial, mangfald og tidsdjupn.

Deltema 3: Der vi bor

Overordna er dette eit godt val av deltema, men det vert veldig tungt på by, fortetting og det seine 1900-tallet.

Deltemaet kunne ha breia seg noko meir ut, til dømes ved å sjå på busetnaden i bygdesentera. Vi har til dømes mange stasjonsbygder med særligne bustadområde, ofte kombinert med næring, som er under press. Småhusbebyggelse under press er litt for smalt og storbyorientert i si tilnærming. Tematikken heng dels saman med deltema 1, til dømes om fortetting med typeteikna leileghetsbygg og butikkar utan omsyn til omgivnadene sine, men kunne med fordel ha vorte løfta inn her.

Fråflytting er ein sentral trugsel mot kulturmiljø, noko strategien peiker på i fleire av deltemaa. Kulturmiljøas attraktivitet og evne til å skape tilhøyr er ein viktig årsak til å halde på innbyggjarar. Strategien peiker vidare på *småbruk-trenden* som eit mogleighetsrom. Tiltaksdelen bør vere tydelege på konkrete grep for å auke tilflyttinga og endre den negative demografiske utviklinga utanfor byområda, då i samarbeid med relevante forskingsmiljø.

Om ein ser strategi for næring og denne strategien i samanheng, kunne eit aktuelt tema vore dei mange bygga med kombinert bustad og næring i både bygdesenter og byar. Dei er ofte under stort endringspress.

Oppsummerande punkt

- Vi er glad for at kyrkjer og religiøse bygg etter 1850 er særskilt nemnt. Dette er viktig for å ivareta det nasjonale målet om å bevare eit mangfald. Organisasjonsmangfaldet etter 1850 har hatt stor tyding for samfunnet, men den fysiske kulturarven er i liten grad utforska og søkt ivaretatt.
- Det må vere meir konkrete krav dersom strategien skal kunne nyttast som verktøy. Handlings- og tiltaksdelen må vere konkret.
- Vi saknar ei klargjering av bystrategiens plass og funksjon i relasjon til den nye strategien.
- Vi saknar eit tidsmessig mangfald på deltema 2 og 3 som er særleg tung på 1800- og 1900-tallet i sine prioriteringar.

Med helsing

Eystein Andersen
Teamleiar kulturarv
Seksjon for kultur

Frida Aakervik Berg

frida.aakervik.berg@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.